

Årsplan for Bokn barnehage 2017/18



Visjon:
"Kjekt i barnehagen,
der lærer me heile dagen"

Hovedmål:
"Trivsel og godt sjølvbilde
gjennom autoritative vaksne"



Bokn Barnehage blei opna første gong i 1978, og nybygget blei opna i november 2000. Frå desember 2013 flytta me in i ei ny-bygd avdeling for born mellom 3 til 6 år. Me er i år 35 barn fordelt på 2 avdelingar:

Småtroll : 6 mnd. til 3 år . Der går 10 barn.

Bjørnane : 3 til 6 år. Der går 25 barn.

Barnehagen blir driven etter "Barnehageloven og forskrifter" av 2013, og "Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver."

Bokn barnehage har sine egne vedtekter som ligg ute på nettet:

www.bokn.kommune.no Opningstida er frå **07.00 til 16.30** - tlf.

til styrar: 52752575 eller 92432206

anne.ottem@bokn.kommune.no

I SU sit:

For foreldra - Ann Kristin Grønnestad, og Ingrid Kallevik

For personale - Oddrun Nilssen, Rita Nesvik

For kommunen - Sigmund Alvestad

Styrar har møte, - forslags, og — uttalerett i SU

Tilsette i år:

| | |
|---------------------|----------------------|
| Tone Børgesen | ped. Leiar— 100% |
| Silje Gismarvik | ped. Leiar— 89% |
| Oddrun Nilssen | ped. Leiar— 80% |
| Julianne Nilssen | føreskulelærer - 80% |
| | 20% ped. -leiar. |
| Elisabet Taraldlien | barnehagelærer—100% |
| Åse Vatnaland | fagarbeidar—80% |
| Olaug Jacobsen | førskulelærer 40% |
| Marit Elin Våge | assistent—80% |
| Rita Nesvik | fagarbeidar—50% |
| Marianne Lie | fagarbeidar— 60% |
| Tone M. Øvstedal | fagarbeidar—80% |
| Cecilie Odland | fagarbeidar— 90% |
| Anne Ottem | styrar —100% |

Dagsrytmen:

| | |
|------------------------|--------------------------|
| Kl 07.00 | - barnehagen opnar |
| Kl 08.00 til 08.30 | - frukost |
| Kl 08.30 til 09.30 | - frileik |
| Kl 09.30 | - byrjar aktivitetar |
| Kl 11.00 | - et me lunsj |
| Kl 12.00 til ca. 14.00 | - frileik ute eller inne |
| Kl 14..00 | - fruktmåltid |
| Kl 16.30 | - barnehagen stenger |

Kjernetida i barnehagen er 09.30 til 14.00 - da har me Aktivitetar, samlingstund og går på tur. Resten av dagen er det frileik ute eller inne til barnehagen stenger kl.16.30. Det vil variere litt når me et på begge avdelingane. Det kjem an på når me avsluttar aktivitetar. Me vil vera fleksible, slik at me ivaretek barna sine behov for når det blir naturleg å avslutte ein aktivitet. Me prøver å ha ei gruppe på ca. 12 barn på tur 4 dagar i veka. Dei går ca. kl.09.30, og er tilbake ca. kl. 14.00.

Pedagogikk i Bokn barnehage.

Me har nå innført ny pedagogisk plattform i barnehagen. Den er basert på programmet "**være sammen**" som er utarbeidet av Pål Roland, 1. amanuensis, og Ingunn Størksen, også 1. amanuensis. Begge jobbar ved Senter for Adferdsforskning ved UiS. Dette er eit pedagogisk program som baserer seg på nyare forskning, og målet er at dei vaksne skal læra å møte barna gjennom positiv perspektivtaking. Me skal utvikle oss til å bli ein såkalla autoritativ barnehage. Les meir om "være sammen" i vår plan for virksomheit som de finne på: www.bokn.kommune.no under fanen opplæring.



Samarbeid med andre kommunar.

Bokn barnehage samarbeidar interkommunalt med dei andre kommunane i Norddalogaland. Me har ein felles plandag i mars kvart år. Styrarar skal vera med i styrarnettverket til Karmøy kommune frå hausten 2017. Me samarbeider og med PPT og barnevernet i Karmøy.

Møteverksemd/Evaluering/Dokumentasjon

Me har avdelingsmøter og pedagogisk leiarmøte ein gong i veka. Me evaluerar gjennom avdelingsmøta, der planane for sist veke blir evaluerte og diskuterte. Samspelet borna imellom, personalet imellom, og samspel barn - personal, vurderast vekentleg på dei same møta. Pedagogikken diskuterast og evaluerast også i ped. - leiarmøta med styrarar. Me dokumenterer arbeidet vårt gjennom å lage dagsrapportar/opplevingsarena på **Vigilo** i tekst og bilde. Vigilo er eit dataprogram laga for barnehagar til dette føremålet. Alle foreldra får eit passord og kan gå inn på sitt eige barn på nettet og følgje med på kva aktivitetar dei har vore med på gjennom dagen. Me registrerar barn og vaksne inn/ut, og kan kommunisere elektronisk med foreldra. Me legg ut dagsrapportar med bilde og tekst til foreldra. Vigilo er med dette eit evaluerings og - dokumentasjonsverktøy for dei vaksne i barnehagen.

Målet er: - at me skal slutte å bruke papir i kommunikasjon med foreldra. Med dette programmet kan ein lett ta ut statistikk og, på for eksempel fråver, og det er med det eit godt hjelpemiddel for administrasjonen og. Foreldra må skrive under på at me får lov til å legge bilde av barna ut på nettet, når dei byrjar i barnehagen. Me snakkar også med foreldra når barna vert henta, og fortel gjerne litt kva dei har halde på med gjennom dagen. Referat frå møteverksemda er også dokumentasjon. Årsplanen, Virksomhetsplanen og Årshjulet fungerer som dokumentasjon for kommunen, foreldre og andre samarbeidspartnarar utanfor verksemda.

Data i barnehagen.

Målet er: - barna i Bokn barnehage skal få lære å bruke data, både som eit reisepapir til læring, og innhenting av kunnskap. Det er eit mål på nasjonalt plan at Norge skal ligge i forkant i verda når det gjeld bruk av data/digital kompetanse. Me har nå 2 I - pedar på huset til bruk for barna, og dei skal berre brukast under tilsyn og rettleiing av vaksne.

Praktiske opplysningar.

Barna skal alltid skal ha to heile klede-skift liggjande i barnehagen. Me bur i ein landsdel kor veret skiftar fort, og det er mogleg at eit barn då må skiftast på frå innerst til ytterst eit par gonger på ein og same dag. Me må alltid ha relevant fottøy tilgjengeleg. Det vil seie at støvlar skal vere her kvar dag. Ulltøy innerst om vinteren i tillegg til gode utedressar er viktig, fordi me er mykje ute. Det er foreldra sitt ansvar å halde orden i borna sine garderobehyller, og ta med alle klede heim til vask kvar fredag. (Regntøy og dress). Foreldra må skrive under på at me kan ta barna med til stranda, i buss og i bil. Då er det ei forutsetning at lover og reglar som regulerer slike turar blir følgd. Bokn barnehage har egne tur-reglar. Me går jamleg tur til skog og mark rundt barnehagen.

Likestilling.

I rammeplanen står det : Stat: " *Likestilling mellom kjønnene skal gjenspeiles i barnehagens pedagogikk* ". Med utgangspunkt i ovanstående skal personalets egne haldningar drøftas i ped.- leiarmøte, avdelingsmøte og personalmøte. Barna si oppfatning av seg sjølv - skal også snakkast om i barnemøter og barneintervju.




Sjå om medverknad, og samspel mellom barn-barn og barn - vaksne i Virksomhetsplanen.

Tradisjonar gjennom året, finn de i Årshjulet vårt.

Dei fire vaksenstilar. Mål: alle vaksne skal vera autoritativ.

(Baumrind 1991)



Løveloven:

Kan du Løveloven?
Jeg skal være meg,
men gi plass til andre,
slik at de blir seg,
bry meg om en annen,
hjelp når jeg kan.
Slik blir livet bedre
for barn i alle land!

Ser du en som plages?
Det er ikke bra!
Alle må stå sammen,
om å si i fra!
Alle barn på jorden
har den samme rett
til å være trygge
og til å være sett.

